KUNST OG UTSMYKKING ROGNE SKULE

Rogne skule fekk bevilga litt midlar til utsmykking då ombygginga vart ferdig i 2011. Bjørn Vegard Johnsen, som var rektor, var flink til å bruke lokale kunstnarar og ville skape ein Valdresidentitet ved å engasjere kunstnarar frå alle dei seks Valdreskommunane.

SØR-AURDAL

Kunstner Sissel Albrigsen Bakke, oljemaleri, «Blå krukke»

Sissel Albrigsen Bakke, blå krukke, Sør-Aurdal.

ETNEDAL

Monica Hansebakken, Etnedal, malt på tre

ØYSTRE SLIDRE

Sigmund Årseth, frå Hjørundfjord på Sunnmøre, men busett i Volbu.
1936-2012 Billedkunstner, rosemålar.

Sigmund Årseth var svært produktiv og måla mykje Valdresnatur, blomar, kvardagsliv og ikkje minst rosemåling.

Blomster, acryl på lerrett, Grete Marit Mørk, kunstner, budde i Volbu.

Fotokunst laga av tidlegare elev ved skulen, Laila Meyrick

VESTRE SLIDRE

Gro Bjørhei, Lomen, akvarellmålar, som var kjent for å framstille Valdresnatur, og for sine klare blåe tonar.

Alunhøvda opp for Moane er motivet i dette biletet.



Dag Gimle, Vestre Slidre. Han har abstrakte verk prega av klare , sterke farger. Figurane kan gje assosiasjonar til gjenkjennbare former.

NORD-AURDAL

Verk av Eva Laila Hilsen, Fagernes. f 1945, bur og arbeider på Fagernes. Svært produktiv og hardt-arbeidande kunstnar. Ho har stilt ut både i Norge og utlandet. Huset er eit sentralt tema i hennar kunst.

Lesley Ayres , 1944 engelsk figurativ maler, landskapsmaler.

Maleri, Stetind

Desse to måleria er malt av Arne Paus. Det øverste har tittel «Victoria», og tema i det andre biletet er lesing.

Det vart og kjøpt inn kunst frå Margrethe Døvre

VANG

Celle i menneskekropp, av Tron Kittelsen, Høre f.1954. Arbeider med mange materiale og teknikkar. Utdanna i Trondheim kunstakademi.

Verk som var frå gamle Rogne skule:

«Efter» Stilleben av blomster, fargelitografi, Plakat, Marc Chagall

Tre små bilete, ukjent maler

Der er mange fargerike store elev-arbeid som pyntar opp skulen i gangane. Her nokre døme.

Rogne skule har eigen fane

Skiferplata ved inngangen er ei gåve frå Skiferbruddet.

Fjellstafetten er vunne av Rogne skule i 2009, 2011, 2012, 2013, 2014 og 2022. Synlege bevis er måla skiferplater av Lynn Hege Myrvang